



Elevane sitt val av framandspråk på ungdomsskulen 2018-2019

Nasjonalt senter for engelsk og framandspråk i opplæringa - Notat 12/2018

Samanfatning

Tala for val av framandspråk blei publiserte av Utdanningsdirektoratet i midten av desember 2018 og viser at det er fjerde året på rad med fallande interesse for framandspråk. I tillegg er det nokre andre interessante poeng:


- Prosenttalet elevar som vel framandspråk har ikkje vore lågare sidan 2010
- Prosenttalet elevar som vel spansk og tysk aukar i forskjell, medan fransk opplev ein liten opptur
- Arbeidslivsfag er for første gong meir valt enn engelsk fordjuping.
- Matematikk fordjuping er nesten like mykje valt som norsk fordjuping.
- Bortvalet i framandspråk mellom 8. 9. og 10. klasse ligg stabilt på 10 %.
- Dei mindre underviste språka klarar ikkje trekke til seg fleire elevar

Alle tala i notatet er henta frå Grunnskolens Informasjonssystem¹

Fjerde år på rad med nedgang i talet elevar som vel framandspråk

I år har 76,9 % av Noreg sine 8.-klassingar valt framandspråk. Det er ein nedgang på 0,8 % frå i fjar og 2,4 % frå 2014, da talet var på sitt høgaste. Talet på elevar som vel framandspråk har ikkje vore lågare sidan 2010.


¹ <https://gsi.udir.no/>



Vi kan sjå ein klar nedgang frå toppen som var i skuleåret 2014-2015. Framandspråksenteret har i tidlegare notat diskutert moglege årsakar til nedgangen, men det er vanskeleg å setje fingeren på klare grunnar til dette. Truleg er det fleire grunnar som spelar inn, men det verker klart at faget sin status som eit fag som kan veljast bort, spelar har ei rolle. Framandspråksenteret er bekymra for utviklinga.

Spansk styrkar sin posisjon

Fram til 2015 såg det ut til at tysk ville ta igjen spansk, men sidan då har spansk i staden auka avstanden til tysk. Spansk er no heilt klart det mest valde framandspråket i ungdomsskulen i Noreg.




36,7 av elevane valde spansk i år, medan talet for tysk er på 27,7. Fransk opplev ein liten opptur i år på 0,4 %, noko som er positivt for franskfaget.

Kunnskapsdepartementet ga i 2018 oppdrag til Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU), i samarbeid med Framandspråksenteret, å arrangere ein nasjonal konferanse om fransk i skulen. Frankrikekonferansen fann stad den 12.02.2018 i Oslo og 160 personer frå heile Noreg deltok. Det kan tenkast at dette har vore til hjelp for rekrutteringa i år.

Arbeidslivsfag no større enn engelsk fordjuping

Heilt sidan 2009 har Arbeidslivsfag vakse og i år er det blitt det største alternativet til framandspråk, framfor engelsk fordjuping. Arbeidslivsfag veks med 1 % medan talet på elevar som vel framandspråk minkar med 0,8 %. Denne korrelasjonen har vi sett dei siste åra.




10,3 % av elevane vel arbeidslivsfag, medan 10,2 % har starta med engelsk fordjuping. For første gong har difor arbeidslivsfag gått forbi engelsk fordjuping i statistikken. Norsk fordjuping er på om lag same nivå som matematikk fordjuping: 1,4 % av elevane vel norsk fordjuping, medan 1,2 av elevane vel matematikk fordjuping.

For samisk fordjuping er det berre snakk om omlag 20 elevar kvart år (0,03 % i år), eit tal som held seg stabilt.

Dei mindre underviste språk klarar ikkje å vekse


Italiensk, russisk og «andre» (for det meste kinesisk og samisk) slit med å etablere seg i norske ungdomsskular. På vidaregåande er tala for desse språka opptil ti gonger så høge, men desse språka veks ikkje i ungdomsskulen. Om norske myndigheter ynskjer kompetanse i ulike framandspråk kor det òg er ein målsetting at elevane når lengre enn byrjarnivå, så bør talet på elevar som vel desse språka auke i ungdomsskulen.



I denne grafen ser vi på dei reelle tala, sidan dei er så låge. 146 elevar vel «andre språk», medan russisk har 45 elevar og berre 11 elevar i heile Noreg vel italiensk på ungdomssteget.

Bortvalet er stabilt

I dette diagrammet har vi samanlikna elevar sitt fagval kull for kull, frå kullet som starta i 2006 og gjekk ut våren 2009 til kullet som starta i 2016 og vil gå ut våren 2019. Vi samanliknar tala på kor mange som valde framandspråk på 8. steg, kor mange av dei same elevane som framleis hadde framandspråk på 9. steg med kor mange som framleis hadde det da dei byrja på 10. steg.



Vi kan sjå at bortvalet har vore stabilt rundt 10 % i heile perioden. For kullet som, starta i 2016 er det eit bortval på 9,9 % når dei no startar på 10. steg. Framandspråksenteret har tidlegare gjort ein analyse av årsaka til bortval.²

Øystein N. Øksenvåg
Rådgjevar for språkval
Halden, desember 2018

² <https://www.fremmedspraksenteret.no/nor/fremmedspraksenteret/sprakvalg/statistikk-og-analyse>